

Nesten utseld for Vassendgutane!**03.04.2009**

Dette er tredje året på rad at Vassendgutane opnar låvedans-sesongen på Dønhaug Gjestegard og det skjer onsdag til veka.

Dei to åra før har alle billettane vorte utselde på førehand og også i år har førehandssalet vore formidabelt slik at det berre er eit fåtal billettar att-

Magne Huglen slår fast at Vassendgutane er like populære hjå den yngre som den eldre generasjon. Dette er truleg landets mest populære band, som samlar fulle hus der dei opptrer.

I fjor samla dei faktisk meir enn 100.000 på dei vel hundre konsertane som dei avvikla og ingen band i Noreg kan visa til liknande besøkstal.

Musikken deira kjem inn under fest/country-sjangaren med tekstar henta frå lokalmiljøet og framførd på ekte møre-dialekt.

Men Huglen kan også lokka med eit anna klårt høgdepunkt i påska. Han legg vekt på å få inn også lokale artistar og for første gong har det lukkast han å engasjera ekskvinnheringen Matti Røssland - med trio. Påskeafta skal han ha konsert i kjedlaren. Matti er fødd på Husnes, men har no slått seg ned i Haugesund. Han er ein av dei som mestrar balansegongen mellom rock og poesi. Både musikalsk og tekstmessig blandar han det vakre og sarte med det rufsete og rå og i dei siste 15 åra har han markert seg som ein begava artist, komponist og tekstforfattar.

Tidleg i mai lokkar Huglen med eit topp internasjonalt bluesband frå California - Rich Harper Band. Torsdag 7. mai skal dei spela i kjedlaren og to dagar etterpå har dei konsert på låven. Dønhaug var dei fyrste som booka bandet til spelejobb i Noreg.

Pinseafta (30.mai) blir det eit spesielt møte på Dønhauglåven, for då skal Morten Hjøllo frå Divin' Ducks og Terje Frigaard i aksjon i noko dei har kalla Hjøllo Frigaard Rock Explosion.

17. juli vitjar Storm Weather Shanty Choir frå Stord kjedlaren for tredje gong.

Huglen har ikkje booka inn så mange artistar i juni og juli fordi han har eit bryllup i kvar månad og også andre private selskap. Men han ser ikkje bort i frå at han kan få inn nokon 'på sparket'

Anten i juli eller august kjem Andrea Rice att med irsk kveld, ho er millom dei mest trufaste på Dønhaug. Og sesongslutt blir det med Pat Savage Band og Gil Edwards 4. og 5- september. Med andre ord blir det mykje fengjande musikk å oppleva på Dønhaug også denne sesongen.

Av Ola Matti Mathisen



Andrea Rice kjem også i år til Dønhaug. Her feirar ho St. Patricks-dagen saman med verten. (Foto: Ola Matti Mathisen)